

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44.

Fylke: Nord-Trøndelag.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Grong.

Emne: Vevity.

Bygdelag: Namdalen.

Oppskr. av: Martin Bjerken.

Gard: Bjerken.

(adresse): Øyheim.

G.nr. 2. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Av eige røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke) :

## SVAR

Mest alt tøy til klær vart veve i bygda i den eldre tid. Til mannsklær var det vadmålet - tvitrea - som kunde vera både toskaftes rett og slett vevnad og so kunde det vera firskift eller vennvevnad som det var benemnt. Av tvitre var mest all mannfolkklea gjort. Det heitte tvitredrakt og både dei vaksne og guttongane hadde tvitredrakt. Før det vart høve til å kjøpa døffelty eller der det kunde vera knapt om pengane vart også tvitrea brukt til overfrakkar og til støypkofter som var eit nasjonalt og mykkje brukt ytterty millom gamkarane. Namnet støypkofte kom av at plagget var gjort slik at det måtte over hovudet som ei mansjetsjorte når ein skulde ta kofta på seg.

Kvinnfolkklærne var også gjort av heimevevnad og var ullstoff og lin eller bomuldstoff. Ullstoffet var halvulltøy med lin eller bomuld i renningen og ullgarn i innslettet. Bomullstoffet var av berre bomuld og riktig gamal tid var det lin av heimeavl dei brukte. Ullstoffet var både toskaft og fireskaft vevnad. Når det var fireskaftvevnad var det vennty som kvinnfolka kunde bruka til koftar og vennstoffet vert brukt av

mannfolka til sommarklær. Kjoletyet var toskaftvevnad men det var med to trådar i skeia som dei kalla det.

Og so vov dei kvitstoff som var vennvevnad og vart ~~brukt~~ brukt til unnerklær for både menn og kvinner og kvitt bomuldstøy med venn vart brukta likeins til unnerklær for både menn og kvinner.

Unnertøyet for menn var unnerbukser og dei som brukte ullsjorter vart <sup>dei</sup> gjort av kvitt ullstoff og kvinnolka brukte bukser av ullstoff då den tida kom at dei tok til å bruaka bukser. Unnertøyet som også kunde vera ~~av~~ grått ullstof vart brukta av både menn og kvinner.

Av bomuldstoffet bruke både menn og kvinner samma slags unnertøy ullstoffet om vinteren og bomuldstoffet om summaren. Til sjorter for mannfolka og til serkar for kvinnorna vart brukta heimvove laret. I den eldste tid linlaret av heimavla lin og seinare av bomuld. Dette laret var tosjefta rett og slett vevnad.

Alt lakanlaret og laret til putevar var også heimevove laret inntil ein fakk laret i butikkane.

Dukar og serviettar vov dei heime og då måtte det vera heimavla <sup>lin</sup> til det bruk. Dei som var flinke med væven vov desse ting i drøpiel i vakre mønstre og det finns enno heimevove dukar ein og annan stad i bygda. Vævemåten her kan ein ikkje beskriva då den var etter eit eige system og dei brukte til meir kunstvevnad det dei kalla kontramars. Dette kalla dei dreielsvevnad. Håndklær var også heimevovne og då brukte dei lingarn og vevnaden var vennvevnad.

Åklevevnad var det mange som kunde og den var rekna millom dei meir vanskelege vevemåtar. Men også når det gjaldt denne vevnaden var dei flinke både i far- og matematikk. Det er difor veldig interessant med at dette var

8981

gar og mønster. No er åklævevnaden meir og meir lakt bortdå folk etterkvart har slutta med bruken av skinfellar som sengety. Men åklævevnaden kan bli brukt når ein vil ha seg eit bordteppe i nasjonal stil.

Dei stedegne namn på vevemåter skulde vera teke med her men dei er mykkje godt ulike i dei ymse bygder utover fylket.

Nemningar på mønster og bordar som kunde vera serlege for bygda här ein ikkje greie på anna enn at det kunde vera fleire kulørar i renningen og i inslette so tøyet kunde bli både rannutt og rututt men nokko sernamn på dett trur ein ikkje at det var. Om det kunde vera i kunstvevnaden er ikkje kjendt.

8981